
Saksnr: 2020/86-11
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		04.11.2020

Statens vegvesen trekker økonomiske tilskot til sykkelbyane

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil be Statens vegvesen (SVV) om å på nytt vurdere avgjersla om tilbaketrekking av økonomisk tilskot som er avtalt gjennom sykkelbyavtalane.
2. Dersom Statens vegvesen står fast på avgjersla om å trekke økonomisk støtte ved utgangen av eit budsjettår vil fylkeskommunen saman med kommunane etterfakturerer SVV for eventuelle ekstrautgifter
3. Fylkeskommunen vil i samband med ny strategi for mjuke trafikantar fastsette framtidig organisering av sykkelsatsinga i Vestland fylkeskommune.

Samandrag

Statens vegvesen har nyleg informert sykkelbykommunane i Vestland fylkeskommune at dei frå og med 01.01.2020 ikkje vil bidra med økonomisk tilskot slik det er lagt opp til i sykkelbyavtalane. Brev sendt til dei aktuelle kommunane er lagt ved. SVV viser til følgjande avtaletekst som grunngjeving for at utbetaling til sykkelbyane frå og med i år uteblir: «*avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane*».

Vestland fylkeskommune har vore informert om at SVV ikkje vil inngå nye sykkelbyavtaler før ordninga var evaluert, men signala har vore at dei gjeldande avtalane skal følgast opp ut avtaleperioden. Difor var det uventa og urovekkande at SVV først no melder at dei ikkje vil følgje opp økonomiske forplikingar som ligg i eksisterande avtaler. I dei fleste sykkelbyane har det vore aktivitet og utgifter i samband med ulike innkjøp. Det er ikkje god forvaltingsskikk å la dei attverande avtalepartane sitte igjen med rekninga.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Torill Klinker
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sykkelbyavtaler er eit trepartssamarbeid der kommunar har inngått avtale med Statens vegvesen og fylkeskommunen om å satse særskilt på tilrettelegging som bidreg til at fleire nyttar sykkel som transportmiddel. Tabellen under viser sykkelbyar i Vestland fylkeskommune med økonomiske tilskot frå SVV:

Sykkelby	Avtale utgår	Årleg tilskot SVV
Stord	2020	300 000,- kr
Straume	2021	500 000,- kr
Førde	2021	180 000,- kr
Florø	2022	180 000,- kr

Med unntak av sykkelbyen Straume er gjeldande avtalar ei forlenging av utgått 4-årig avtale.

I hovudutval for samferdsel og mobilitet vart det 13.05.2020 gjort følgjande vedtak i sak om vidare oppfølging i fylkeskommunen regi:

Vedtak

- 1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet meiner sykkelbyavtaler er eit formålstenleg verktøy i arbeidet med å legge til rette for sykkistar i fylket. Vestland fylkeskommune vil følgje opp dei gjeldande avtalane med kommunane Bergen, Stord, Fjell, Førde og Flora, og prioritere dei sykkeltiltaka partane har vorte samde om.*
- 2. Vestland fylkeskommune skal følgje opp løyvingar om eigenfinansiering i samband med tildeling av midlar gjennom tilskotsordninga for sykkelbytiltak.*
- 3. Vestland fylkeskommune vil vente med å inngå nye sykkelbyavtaler til Statens vegvesen (SVV) har evaluert ordninga.*

Vestland fylkeskommunen har budsjettert med løyvde midlar (kr 200 000,- kr per sykkelby) ut avtaleperioden.

Det vert påpeika at både kommunar med sykkelbyavtale og fylkeskommunen har etterspurd informasjon om SVV sin rolle i sykkelbyarbeidet etter omorganiseringa. Deltaking i arbeidsgrupper har variert. I nokre sykkelbyar har SVV vore delaktig, mens i andre har SVV vore meir fråverande. Samstundes har SVV vore tydeleg på at dei økonomiske forplikingane ligg ved lag. Difor er det overraskande at det først no vert kjent at SVV ikkje vil følgje opp denne delen av avtalen. God forvaltningsskikk tilseier at ei slik fråskrivning av økonomisk ansvar kjem i forkant av det året tilskotet uteblir, og ikkje på slutten av det gjeldande året.

Fylkesdirektøren sin vurdering

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport stiller seg kritisk til den manglande økonomiske oppfølginga av sykkelbyavtalane. SVV har løyvd totalt 1 160 000,- kr til sykkelbyarbeidet. I fleire av sykkelbyane er midlane nytta til å lønne prosjektlear. I tillegg er det påløpt utgifter til innkjøp av materiell og tenester. Dette er utgifter som må dekkast for å unngå at leverandørar vert ramma. Når SVV fråskriv seg det økonomiske ansvaret så seint på året vert i realiteten ansvaret overført til dei partane som er att, det vil sei fylkeskommunen og kommunane. Fylkesdirektøren vil rå til å følgje opp utgiftskrav frå leverandørar til sykkelbyane, og i samarbeid med kommunane etterfakturere SVV for eventuelle utgifter utover fylkeskommunen og kommunane sine økonomiske bidrag. Fylkeskommunen er i dialog med sykkelbyane om dei økonomiske utfordringane. Tilbakemelding frå Sunnfjord, Øygarden og Kinn kommune er lagt ved, sjå vedlegg 5, 6 og 7.

Etter omorganiseringa er det uklårt kva rolle SVV vil ha vidare i arbeidet med sykkelsatsing. SVV har i følgje egne nettsider eit sektoransvar for sykkeltrafikk, og skal vere ein pådrivar for auka sykling overfor mellom anna kommunar og fylkeskommunar. I praksis er det usikkert i kva grad SVV vil følgje opp dette ansvaret, og brevet som no er sendt ut til sykkelbyane tyder på at både kommunane og fylkeskommunane må vere førebudd på endringar når det gjeld ansvar og organisering av sykkelarbeidet.

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har i regionale planar og ulike tiltak og prosjekter vore oppteken av å få fleire til å sykle, og denne satsinga er vidareført i Vestland fylkeskommune. Mellom anna vil tilrettelegging for aktiv transport vere eit viktig tema i

Regional transportplan som er under arbeid. Framtidig organisering av sykkelsatsinga i Vestland fylkeskommune vert følgt opp i samband med ny strategi for mjuke trafikantar som er under utarbeiding.

Vedtakskompetanse

Jamfør «Reglement for folkevalde organ og delegering» har hovudutval for samferdsel og mobilitet ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkeleg mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Eksisterande sykkelbyavtalar må følgast opp av avtalepartane. Fylkeskommunen og kommunane risikerer ekstraavgifter om SVV ikkje følger opp sine økonomiske forpliktingar.

Klima: Tilrettelegging for auka sykkelbruk kan redusere utslepp frå køyretøy.

Folkehelse: Tilrettelegging for å auke talet på gåande og syklande vil vere positivt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Generelt stort fokus på å legge til rette for miljøvennlege reisealternativ.

Konklusjon

Fylkesdirektøren stiller seg kritisk til SVV sin manglande oppfølging av sykkelbyavtalane i Vestland. Det er både overraskande og uheldig at SVV først no seier i frå seg ansvaret for økonomisk oppfølging. Fylkesdirektøren vil rå til å ikkje godta denne ansvarsfråskrivinga og i samarbeid med kommunane etterfakturere SVV for eventuelle ekstraavgifter som vert påført dei attverande partane.

Vedlegg:

1. Brev til Kinn kommune
2. Brev til Sunnfjord kommune
3. Brev til Stord kommune
4. Brev til Øygarden kommune
5. Notat frå sykkelbyen Førde
6. E-post frå Kinn kommune
7. E-post frå Øygarden kommune